

NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref:  
Vår ref: 2022/105748  
Dato: 22.06.2022  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## HØYRINGSUTTALE (SAK 201405411) AV SØKNAD OM UTTAK AV VATN OG REGULERING AV BRUSDALSVATNET TIL DRIKKEVASSFORSYNING - ÅLESUND KOMMUNE I MØRE OG ROMSDAL

Mattilsynet (org.nr 985 399 077) mottok frå NVE 18.05.202 søknad frå Ålesund kommune om uttak av vatn og regulering av Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning – til høyring.

### Mattilsynet sitt ansvar og medverking

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som mellom anna ivaretar tilhøva rundt drikkevatt, men også innan plantar, dyr, fisk og næringsmidlar.

### Uttale frå Mattilsynet region Midt avdeling Sunnmøre

Vi har vurdert saka i ut i frå drikkevassomsyn, fiskeoppdrett, fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidlar.

### Innspel til høyringa

Det er viktig at Ålesund kommune har ein god sikkerheitsmargin i høve til uttak av råvatn til drikkevatt. Prognosane seier at det framleis vil vere befolkningsauke i Ålesundsområdet og det er difor viktig å ta høgde for noko auka forbruk og at der kan kome produksjonstøppar som krev meir vatn enn i det daglege.

Mattilsynet forutset også at det blir oppretthalde ei minstevassforsyning i Brusdalselva som skissert i utgreiinga, slik at fisk og andre levande organismar som brukar elva ikkje blir særleg negativt råka.

Vi ser ikkje andre forhold som vil ha innverknad på våre forvaltningsområder i denne saka, og har derfor ingen andre merknader til saka.

Med helsing

Magne Mo  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*